



Gulen kommune
- historisk og framtidsretta



Kvalitetsplan for Gulen oppvekst 2014-2017



Gulen oppvekst

– kvalitet og mangfald

Visjon:

Samarbeid for utvikling

Innhald

1	Om planen.....	side	3
2	Visjonar og mål for Gulen oppvekst.....	side	4
3	Samfunnsmandatet.....	side	6
4	Fokusområde.....	side	8
4.1	Leiing.....	side	8
4.2	Krysskulturelt arbeid	side	11
4.3	Grunnleggjande dugleikar	side	13
5	Årshjul kvalitetsarbeid.....	side	15
6	Resultatmål	side	18
7	Eigenvurderingsskjema for einingane	side	19



1 Om planen

Kvalitetsplanen for oppvekstsektoren i Gulen er utarbeidd med bakgrunn i det felles systemet for kompetanse- og kvalitetsutvikling som kommunane i HAFS-regionen har vedteke. Planen gjeld for heile oppvekstsektoren, både barnehage, skule og SFO. Planen inneheld visjonar, mål og fokusområde som skal gje ei felles plattform for utviklingsarbeidet på einingane. I tillegg er det utarbeidd eit årshjul for dette arbeidet. Dette er nødvendig for å få til den samordninga og systematikken som arbeidet med å utvikle kvalitet krev. Dette systemet skal og sikre at kommunen har eit kvalitetssystem som stettar krav i opplæringslova og barnehagelova.

Planen er og utarbeidd på grunnlag av fleire sentrale dokument som skal gje retning for kommunane sitt kvalitetsarbeid på oppvekstsektoren:

- KS' eierstrategi for barnehage og skole 2013 – 2016
- Kunnskapsdepartementet: Kompetanse for framtidens barnehage. Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 – 2020
- Meld.St. 24 (2012-2013) Framtidens barnehage
- Meld.St. 20 (2012-2013) På rett vei. Kvalitet og mangfold i fellesskolen
- Kommuneplanen sin samfunnsdel

HAFS-regionen har frå hausten 2013 vore med i det nasjonale prosjektet «Ungdomssteg i utvikling». I regionen er arbeidet ikkje berre retta inn mot ungdomssteget, men mot heile skuleløpet. I planen for Gulen prøver ein i tillegg sjå arbeidet i skule og barnehage i samanheng. Satsingsområda i «Ungdomssteg i utvikling» pregar innhaldet i denne planen.

Som grunnlag for planen har skulane og barnehagane i kommunen hausten 2013 arbeidd med ståstadsanalyse. Informasjon om ståstadsanalysane vil ein finne på Udir sine nettsider. Ståstadsanalysane utgjer ein del av grunnlaget for val av fokusområde i planen og vil vere sentrale i utarbeidinga av einingane sine tiltaksplanar.

Skal arbeidet med å betre kvaliteten på oppvekstsektoren gje resultat, må vi bli betre på å gjennomføre gode prosessar der vi involverer alle. Alle tilsette må medverke med sin kunnskap og innsikt, vere utviklingsorienterte og passe på at barn og føresette sin synspunkt vert vektlagt. Ein avgjerande strategi for arbeidet er å delta i lærande nettverk, både kommunale og regionale. *«Idear på vandring er ny læring og utvikling av praksis»*(Torbjørn Lund)

Planen skal vedtakast av kommunestyret og er ein del av strategiplanen for oppvekstsektoren

Eivindvik 04.08.2014

Jan-Ove Einebærholm



2 Visjonar og mål for Gulen oppvekst

FN's Barnerettighetserklæring, til norsk ved André Bjerke

*La meg vokse som jeg er
og prøv å forstå hvorfor
jeg vil vokse
som meg selv.
Ikke som mamma
ønsker jeg skal være
eller som pappa
håper jeg skal være
eller som læreren min
synes jeg skal være.
Kjære prøv å forstå
og hjelp meg å vokse
nettopp som meg selv.*

Samarbeid for utvikling

Dette er visjonen i verdiplattforma for tilsette i Gulen kommune og gjev sjølvstøtt retning for arbeidet på oppvekstsektoren. Å skape eit godt oppveksttilbod er ei fellesoppgåve som krev samarbeid og samhandling på alle nivå. Oppvekstsektoren er delt i 4 krinsar med ei eining for barnehage, skule og SFO i kvar krins. Her ligg det mange utfordringar for samarbeidet. Vi har ein barnehagekultur og skulekultur som skal smeltast saman til ein felles oppvekstkultur. Dette krev samarbeid om den faglege oppgåveløysinga på tvers av avdelingar på einingane og på tvers av einingane i kommunen. Vi må i tillegg ha med oss at vi skal samarbeide tett regionalt, organisert gjennom HAFS-oppvekst. Skal vi skape ein god oppvekstkultur i Gulen må vi ha fokus på fellesløysingar og kollegabasert kompetanse- og kvalitetsutvikling.

I tillegg til å skape eit godt fagleg samarbeid må vi ha for auga at medverknad er ein lovfesta rett ulike partar har. Vi må difor arbeide for at alle partar aktivt vert involvert i arbeidet med å skape godt oppvekstmiljø. Kommunen vil også prioritere å skape grunnlag for auka samarbeid mellom einingane, og mellom einingane og sentraladministrasjon og politikarar. Det tverrfaglege perspektivet må og takast med i arbeidet med å leggje til rette for ein god oppvekst i Gulen.

Gulen kommune – historisk og framtidsretta

Dei som veks opp i Gulen må få ei tilknytning til heimkommunen som gjer at dei vurderer å komme attende når dei har skaffa seg utdanning og erfaring frå andre miljø. Eit viktige verkemiddel i dette arbeidet er aktiv bruk av lokalmiljøet i undervisninga. Det gjeld både historie, natur, kultur og næringsliv. Gulatinget må få ein sentral plass i dette arbeidet. Demokratiutvikling og konfliktløysing er saker sektoren er pålagd å jobbe med, men vi må bli betre på å utnytte den historiske koplinga vi har gjennom Gulatinget. Aktiv bruk av og kunnskap om lokalmiljøet og lokalt næringsliv er avgjerande for å lære elevane til å sjå at det er mogeleg å skaffe seg arbeid lokalt eller å skape sin eigen arbeidsplass. Det viktigaste er at ein arbeider ut i frå dei pedagogiske prinsippa at ein lærer best ved å vere aktiv i eiga læring, og at ein knyter saman teori og livet utanfor skulen. Nokre av dei viktigaste prinsippa for

entreprenørskap i opplæringa er elevaktiv læring kombinert med kunnskap om lokalsamfunnet og vilje til å utvikle dette.

Gulen oppvekst – kvalitet og mangfald

Nasjonale kvalitetsmål har over mange år synt at skulane i Gulen held høg kvalitet. No har vi fire kommunale barnehagar og i desember 2013 var 95% av 1-5-åringar i kommunen i barnehagane. Dette er ein viktig indikator på at vi har eit barnehagetilbod til alle som ynskjer det og at det er ein god plass å vere for ungane.

Sjølv om kvaliteten er god, er det kontinuerlege arbeidet med å kvaliteten viktig. Det gjeld den fysiske tilrettelegginga både ute og inne ved dei fire nærmiljøanlegga våre. Uteområda må betre tilretteleggast for allsidig fysisk aktivitet og er ein viktig arena for arbeidet med læring og danning. Barnehageutbygginga må gjennomførast. Inventar og utstyr må fornyast.

Kvaliteten på tilbodet må ta utgangspunkt i opplevingane til det enkelte barnet. Alle skal oppleve at dei har ein trygg arena der dei får vise sine sterke sider, opplever meistring og utviklar seg. Dette krev at skulen i like stor grad som barnehagen, greier å leggje til rette for at ikkje berre dei med gode teoretiske evner vert sett og sett pris på, men også praktikarane opplever ein kvardag der deira sterke sider får utfalde seg. Vi må altså utvikle eit mangfald av metodar, arbeidsmåtar og læringsarenaer som vi nyttar slik alle opplever meistring og utvikling. Å oppleve gleda ved å meistre er grunnleggjande for barn.

Mangfaldet vil vi og møte gjennom at fleire og fleire innvandrarakar etablerer seg i kommunen. Det kan vere arbeidsinnvandrarakar som er her for ein periode eller det er menneske som ynskjer å finne ein ny permanent bustad. Vi får altså ein elevflokk med føresette som har ein multikulturell bakgrunn. Dette har verdi for arbeidet med danning og læring på sektoren.

3 Samfunnsmandatet

Føremålsparagrafane og læringsplakaten er teke med i kvalitetsplanen for å minne om at dette er fundamentet for forståing av kva som er god kvalitet i barnehage og skule

Formålsparagraf barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Formålsparagraf skule

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einsskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Føremålsparagrafane finn ein i opplæringslova og barnehagelova, og som forskrift til desse lovene er det vedteke ein læreplan (LK) og ein rammeplan som gjev rammer for arbeidet med danning og læring i barnehage og skule. Punktlista nedanfor er ei nyttig oppsummering av det breie samfunnsmandatet som skal ligge til grunn for arbeidet i barnehage og skule:

- *gi alle elevar og lærlingar/lærekandidatar like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre*
- *stimulere lærelyst, evne til å halde ut og nyfikne blant elevane og lærlingane/lærekandidatane*
- *stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking*
- *stimulere elevane og lærlingane/lærekandidatane i personleg utvikling og i styrking av eigen identitet, i det å utvikle etisk, sosial og kulturell kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking*
- *leggje til rette for elevmedverknad og for at elevane og lærlingane/lærekandidatane kan gjere medvitne verdival og val av utdanning og framtidig arbeid*
- *fremme tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar*
- *stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den einskilde læraren*
- *medverke til at lærarar og instruktørar står fram som tydelege leiarar og førebilete for barn og unge*
- *sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremmar helse, trivsel og læring*
- *leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/føresette får medansvar i skolen*
- *leggje til rette for å trekkje inn lokalsamfunnet i opplæringa på ein meningsfylt måte*




4 Fokusområda:

4.1 Leiing

Fokusområdet leiing har eitt breitt perspektiv. Det gjeld både tilsette som er i kommunale leiarstillingar og pedagogisk personale si leiarrolle i møte med barna. Kvaliteten på tilbodet på oppvekstsektoren er i stor grad knytt til at dei tilsette er i stand til å skape gode relasjonar til barna, at dei deltar aktivt i samarbeid om å utvikle det pedagogiske tilbodet og at dei er tydelege pedagogiske leiarar.

Kommunen har fire einingar på oppvekstsektoren som omfattar både barnehage og skule. Leiinga ved einingane har både skulefagleg og barnehagefagleg bakgrunn. Barnehage og skule har ulike pedagogiske tradisjonar, og utfordringa er difor å utvikle ei felles pedagogisk plattform. Skuleleiarane har tradisjonelt ikkje vore aktive pedagogiske leiarar. Dette er ein tradisjon vi er i ferd med å endre på, men vi har eit stykke veg å gå enno. Vi har og mykje å vinne på å samarbeide tett kommunalt og interkommunalt.

Oppvekstsektoren skal vere ein lærande organisasjon. Vi må ha systematiske prosessar som involverer alle partar på sektoren . Vi må ha gode dialogar som byggjer på spørsmål og refleksjon, meir enn rette svar. Felles standardar for god praksis må utviklast og vere rettesnor for dei tilsette.



Gulen kommune vil arbeide for at:

Kommunen:

- Tilrettelegg gode prosessar i arbeidet med å heve kvaliteten på oppvekstsektoren
- Har god kontakt og samarbeid med einingane
- Har mål og prioriteringar knytt til utviklingsarbeidet

Leiarane på oppvekstsektoren:

- Er tydelege pedagogiske leiarar og har eit godt metodereportoar til bruk i dette arbeidet.
- Arbeider systematisk med å betre kvaliteten på barnehage- og skule
- Samarbeider tett, lokalt, kommunalt og regionalt, om å nå utviklingsmåla

Personalet på oppvekstsektoren:

- er gode rollemodellar for barn
- er tydelege leiarar av barn sine aktivitetar
- legg til rette for at barna opplever mestring
- nyttar varierte og oppdaterte metodar og arenaer i læringsarbeidet
- driv med kollegabasert kompetanse- og utviklingsarbeid

Teikn på god praksis:

- Barna vert systematisk teke med i planleggings- og vurderingsarbeid
- Barna opplever trivsel og tryggleik i kvardagen
- Barna mestrar oppgåvene sine og opplever glede ved å lukkast
- Barna opplever at dei har vaksne som dei har god kontakt med
- Føresette opplever at dei er medspelarar på oppvekstsektoren i Gulen
- Føresette er trygge på at barna deira har ein trygg utviklingsarena
- Føresette verdset mangfaldet
- Føresette samarbeider godt med dei tilsette på sektoren
- Personalet får brukt kompetansen sin til gode for elevane
- Personalet samarbeider om det pedagogiske tilbodet
- Personalet opplever at arbeidsgjevar legg til rette for at dei skal kunne utvikle kompetansen sin
- Personalet er fagleg oppdatert
- Personalet har felles forståing av rammer for god gruppeleiing
- Leiinga er aktive utviklingsaktørar
- Leiinga nyttar kollektive strategiar i arbeidet med kompetanse og utvikling
- Leiinga ser alle medarbeidarar og barn, og støttar dei i arbeid og utvikling
- Leiinga er aktiv i dialogen med samarbeidspartar og etterspør kompetanse, støtte og rettleiing
- Kommunen er aktiv i kvalitetsdialogen med einingane
- Kommunen legg til rette for einingane sitt utviklingsarbeid
- Kommunen legg til rette for samarbeid lokalt, kommunalt og regionalt
- Kommunen gjev tilbakemeldingar på einingane sitt utviklingsarbeid

4.2 Krysskulturelt arbeid

Gulen kommune er på veg til å bli eit multikulturelt samfunn. Vi har stor arbeidsinnvandring og skal starte med å busetje flyktingar. Dette gjev oss nye utfordringar og kan på mange måtar utfordre haldningane våre til dei med ein annan kulturbakgrunn.

God kontakt og kommunikasjon er avgjerande for god integrering. Vi må difor opprette møteplassar, sikre kommunikasjonen gjennom tolketenester og ha ei god språkopplæring både for vaksne og barn.

I Gulen er nesten alle barn i førskulealder i barnehagen, og dei som har gjort landebyte. Dette er svært positivt for språkopplæring og er med å sikre ei god integrering.

Ei stor utfordring for kommunen er at vi får folk med mange ulike kultur og språkbakgrunnar. Dette gjer det vanskeleg å sikre dei morsmålsopplæring som er med på å styrke språkkompetansen deira og gjer det enklare å lære seg eit nytt språk. Teknologiutviklinga kan gje nye løysingar på dette.

Gulen kommune vil arbeide for at:

Kommunen:

- Har eit tilrettelagt introduksjonstilbod
- Arbeider tverrfagleg for å sikre eit godt tilbod for personar som har gjort landebyte
- Tilrettelegg for kompetanseutvikling
- Har gode ordningar for tolketeneste

Leiarane på oppvekstsektoren:

- Har gode rutinar for det første møte mellom eininga og dei som har gjort landebyte
- Sikrar at eininga har tilgang til tolketeneste og nyttar denne
- Har planar for kontakt mellom eining og heim

Personalet på oppvekstsektoren:

- Er opptekne av å sikre god kommunikasjon og forståing mellom eininga og heimane
- Har innsikt i dei ulike kulturbakgrunnane dei kjem i kontakt med
- Er opptekne av å synleggjere at kultur mangfald er ein ressurs

Teikn på god praksis:

- Barna får barnehageplass
- Barna møter eit godt tilpassa språkstimuleringsopplegg
- Barna opplever at dei får vist sine sterke sider
- Barna får venner og leikekamerater
- Føresette får god informasjon om lokalsamfunnet dei kjem til
- Føresette vert møtt av positive haldningar
- Føresette får kontaktpersonar
- Føresette har møteplassar
- Personalet nyttar tolk i dei første møta med dei som gjer landebyte
- Personalet legg særleg vekt på å gje informasjon og sikre at informasjonen vert oppfatta rett
- Personalet har kunnskap om utfordringane i det krysskulturelle arbeidet
- Personalet diskuterer haldningar og utfordringar i personalgruppa
- Leiinga legg opp til gode besøksrutinar i barnehagen der tilflyttarar får vere saman med barnet sitt
- Leiinga syter for at tilflyttarar frå andre land har ein fast kontaktperson i barnehage og skule
- Leiinga tar opp haldningar og utfordringar i dette arbeidet som felles refleksjonstema i kollegia
- Leiinga har ressursar for nødvendig tilrettelegging
- Kommunen arbeider tverrfagleg med tilrettelegging
- Kommunen har gode introduksjonsopplegg og tolketeneste
- Kommunen samarbeider med lag, organisasjonar og lokalt næringsliv
- Kommunen arbeider systematisk med tverrkulturell forståing

4.3 Grunnleggjande dugleikar

Ein del grunnleggjande dugleikar er nødvendige føresetnader for læring og utvikling i skule, arbeid og samfunnsliv. I Kunnskapsløftet er desse definert som å kunne lese, rekne, uttrykke seg munnleg og skriftleg og bruke digitale verktøy. I kva læreplan for fag står det korleis desse dugleikane er ein føresetnad for utvikling av elevane sin fagkompetanse. Dugleikane er integrerte i kompetansemål, og dette er dugleikar som skal arbeidast med og utviklast like frå barnehage til ein er ferdig med vidaregåande. Dei kan likevel framstå ulikt og i ulik grad komme til uttrykk i ulike læreplanar for fag. Sektoren må ha ei felles forståing av at dette er dugleikar alle har ansvar for å utvikle desse uavhengig av fag og alder. Kunnskapsløftet der dei grunnleggande dugleikane er innarbeidd gjeld sjølvsagt ikkje for barnehagane.

Rammeplanen for barnehagen fortel med andre ord om korleis barnehagane skal arbeide med å utvikle desse dugleikane. Kvaliteten på dette arbeidet i barnehagen er avgjerande for barnet sine meistringsopplevingar når dei møter skulen si begynnropplæring i lesing, skriving og rekning.

Nasjonalt er det oppretta kompetansesenter som skal ha særskilt fokus på sektoren sitt arbeid med desse emna. Dei har mykje oppdatert fagdidaktisk kunnskap som det er viktig å sikre at dei tilsette i Gulen kommune nyttar i arbeidet sitt.

Gulen kommune vil arbeide for at:

Kommunen:

- Har planar for arbeidet med dei grunnleggande dugleikane
- Legg til rette for kollektiv kompetanseutvikling i temaet
- Prioriterer temaet i kompetanseplanen sin

Leiarane på oppvekstsektoren:

- Legg til rette for lokalt læreplanarbeid og tilpassar årsplanane til dei reviderte læreplanane
- Prioriterer temaet i kompetanse- og utviklingsarbeid
- Analyserer kvalitetsindikatorar og lagar tiltaksplanar

Personalet på oppvekstsektoren:

- Held seg oppdatert på ny kunnskap om arbeidet med å utvikle barna sine grunnleggande dugleikar, både kva som skal prioriterast og effektive metodar.
- Kjenner til korleis ein jobbar med grunnleggande dugleikar i sine fag
- Er aktive i arbeidet med kvalitetsutvikling på området og involverer seg i dei kollektive prosessane.

Teikn på god praksis:

- Barna opplever at dei meistarar lesing, skrivning og munnelge bruk av språket
- Barna har god tilgang på oppdatert ikt-utstyr
- Barna opplever seg sjølv som aktive ikt-brukar med gode haldningar for trygg bruk av Internett
- Barna effektivt kan gjere seg nytte av grunnleggande reknedugleikar
- Føresette opplever at personalet i barnehage og skule er opptekne av å utvikle eigen praksis
- Føresette kan medverke til at barna vert gode språkbrukarar og blir stimulerte til å lese
- Føresette meiner at borna deira får eit oppdatert pedagogisk tilbod
- Føresette får hjelp til å leggje til rette for barna si utvikling
- Personalet ser at dei har eit felles ansvar for dei grunnleggande dugleikane
- Personalet er opptekne av dei kollektive prosessane som må til for å utvikle barnehagen og skulen sitt arbeid på området
- Personalet brukar fagleg tilrådde metodar
- Personalet har opplegg tilpassa ulike føresetnader
- Leiinga legg til rette for utviklings- og læreplanarbeid
- Leiinga analyserer eininga sine resultat over tid og set i verk nødvendige tiltak
- Leiinga nyttar nettverksarbeid som strategi i utviklingsarbeidet
- Leiinga er oppteken av å bruke teknologi til å utvikle den pedagogiske praksisen ved eininga
- Kommunen prioriterer denne kompetansen i planane sine
- Kommunen syter for at einingane har oppdatert ikt-utstyr tilpassa ulike alderssteg
- Kommunen får i gang lærande nettverk, både kommunale og interkommunale
- Kommunen analyserer resultata og set i verk tiltak



5 Årshjul kvalitetsarbeid

Omtale av ord og uttrykk:

- Gulen oppvekst:** Skular og barnehagar er organiserte i 4 einingar, Brekke barnehage og skule, Byrknes barnehage og skule, Dalsøyra barnehage og skule og Eivindvik barnehage og skule. Leiinga skal ha både skulefagleg og barnehagefagleg bakgrunn.
- Kvalitetsmelding:** Opplæringslova krev at det årleg vert utarbeidd ein kvalitetsrapport for skulane i Gulen. I Gulen omfattar kvalitetsrapporten både skule og barnehage. Kvalitetsrapporten vert handsama av hovudutvalet for oppvekst (HOP) og kommunestyret. Einingane utarbeider statusrapport om kvalitetsarbeid som dannar grunnlag for dialogmøtet med HOP, leiar samtalen og den kommunale kvalitetsrapporten.
- Eksternvurdering:** Hafs-regionen har eit opplegg for eksternvurdering for skule og barnehage. Det er tilsett egne eksternvurderarar. Skule og barnehage skal ha eksternvurdring ein gong kvart 4. år. Denne vurderinga kjem ikkje samstundes for skule og barnehage i våre einingar. Oppfølging av eksternvurderingane skal innarbeidast i eininga sine tiltaksplanar.
- Leiarforum:** Er samansett av leiinga ved einingane, kommunalsjef og utviklingsrettleiar. Fokuset er på leiarutvikling og arbeidet med pedagogisk leiing
- Tiltaksplanar:** Einingane utarbeider årlege tiltaksplanar for arbeidet med kvalitet og skulemiljø
- Data:** Einingane er pålagde å gjennomføre datainnsamlingar for skulane (eksamen, nasjonale prøver, kartleggingsprøver, elevundersøkinga og foreldreundersøkinga). Datagrunnlaget for barnehagane er foreldreundersøkinga(kvart 4. år), eksternvurdering (kvart 4. år), kommunale tilsyn (kvart 2. år) og foreldresamtalar. I tillegg driv ein kontinuerleg vurdering av det daglege pedagogiske arbeidet. Skal dette arbeidet ha noko meining, må data frå desse undersøkingane brukast systematisk i arbeidet med å utvikle oppvekstsektoren. Resultatanalyse er prosessane vi set i gang for å jobbe systematisk med innsamla data
- Dialogmøte:** Møteplassar mellom einingane og kommunenivået, og mellom det administrative og det politiske nivået. I tillegg må ein sikre at alle partar på oppvekstsektoren vert høyrde i kvalitetsarbeidet. Å lage møteplassar er relativt enkelt. Utfordringa er å skape eit innhald der dialogen er i fokus.

Ein del tiltak er nemnde i påfølgjande månader. Dette betyr at tiltaket vert gjennomført i perioden, og det kan verte gjennomført til ulike tidspunkt på dei einskilde einingane.

Tid	Tiltak	Eining	Kommune	Region
Januar	Resultatanalyse	Leiing/personale	Kommunalsjef	
Februar	Resultatanalyse Skriv til einingane om status kvalitet(Spørsmål til res.) Regional leiarsamling (skule og barnehage)	Leiing/personale Leiar/nestleiar	Kommunalsjef/ HOP Kommunalsjef Kommunalsjef	Utviklingsretl
Mars	Resultatanalyse Leiarforum Eksternvurdering skule (kvart 4. år)	Leiing/personale Leiar/nestleiar Leiing/personale	Kommunalsjef Kommunalsjef	Utviklingsretl Eksternvurd.
April	Evaluering av einingane sine tiltaksplanar Statusrapport kvalitetsarbeid Eksternvurdering skule (kvart 4. år)	SU/skulemiljøutv. Leiar Leiing/personale	 Kommunalsjef	 Eksternvurd.
Mai	Dialogmøte einingar/hovudutval og tilsyn barnehage(kvart 2. år)	Leiing og SU	Kommunalsjef/ rådgjevar	
Juni	Utarbeiding av kvalitetsmelding for året Dialogmøte leiarar/formannskap Leiarsamtalar (tilbakemeldingar tilstandsrapport) Leiarforum	 Leiar Leiar/nestleiar Leiar/nestleiar	Kommunalsjef Formannskap Kommunalsjef Kommunalsjef	 Utviklingsretl
August	Utarbeiding av Kvalitetsmelding for året Dialogmøte hovudutval og einingsleiarar	Leiarar	Kommunalsjef Kommunalsjef/ HOP	
Sep-tember	Kvalitetsmelding politisk handsaming Nasjonale prøver gjennomføring Tiltaksplanar for kvalitet og skulemiljø Årsplan barnehage Leiarforum Regional leiarsamling	 Leiar/lærar SU/skulemiljøutv. SU Leiar/nestleiar Leiar/nestleiar	Hovudutval og kommunestyret Kommunalsjef Kommunalsjef	 Utviklingsretl Utviklingsretl

Oktober	Nasjonale prøver gjennomføring Elevundersøkinga Foreldreundersøkinga (kvart 4. år – start haust 2015) Eksternvurdering barnehage	Leiar/lærar Leiar/lærar Leiar Leiar/nestleiar Leing/personale	Kommunalsjef	Eksternvurder.
November	Resultatanalyse Nasjonale prøver gjennomføring Elevundersøkinga Foreldreundersøkinga (kvart 4. år – start haust 2015) Eksternvurdering barnehage	Leiar/personale Leiar/lærar Leiar/kontaktlærar Leiar Leiar/nestleiar Leing/personale	Kommunalsjef	Eksternvurder.
Desember	Resultatanalyse Leiarforum	Leiar/lærar Leiar/nestleiar	Kommunalsjef/ HOP Kommunalsjef	Utviklingsrettl.



6 Resultatmål

MÅL:

- Barn skal få plass i barnehagen når føresette ynskjer det
- Berre ha fast tilsette med ønska pedagogisk utdanning
- Snitt for dei 5 siste åra skal vere på linje med snittet i S&Fj
- Resultatutviklinga til årskulla skal minst vere på linje med nasjonal resultatutvikling
- Dei årlege resultatvariasjonane må bli mindre

Resultatmåla skal fungere som ei felles referanseramme i analysearbeidet. Dette er eit relativt ambisiøst mål for oppvekstsektoren i Gulen sidan utdanningsnivået hos dei vaksne i kommunen er ein del lågare enn snittet i Sogn og Fjordane. Føresette sitt utdanningsnivå er den beste indikatoren på skuleresultat. Med bakgrunn i ressursbruken bør vi likevel makte dette. Det er få elevar i kvart årskull ved dei ulike einingane i kommunen og elevtalet varierer ein god del. Det gjev difor lita meining å diskutere resultata på einingane frå år til år. Utviklingstendensar og snittresultat for periodar gjev eit betre vurderingsgrunnlag. Resultat frå kvar eining bør difor ikkje vurderast politisk.



7 Eigenvurderingsskjema for einingane

Einingane vil årleg verte bedne om å lage ein statusrapport for arbeidet med å utvikle kvaliteten på tilbodet. Eigenvurderingsskjemaet er tenkt som eit hjelpemiddel i utarbeidinga av denne rapporten.

Leiing	Grønt	Gult	Raudt
Barna vert systematisk teke med i planleggings- og vurderingsarbeid			
Barna opplever trivsel og tryggleik i kvardagen			
Barna mestrar oppgåvene sine og opplever glede ved å lukkast			
Barna opplever at dei har vaksne som dei har god kontakt med			
Føresette opplever at dei er medspelarar på oppvekstsektoren i Gulen			
Føresette er trygge på at barna deira har ein trygg utviklingsarena			
Føresette verdset mangfaldet			
Føresette samarbeider godt med dei tilsette på sektoren			
Personalet får brukt kompetansen sin til gode for elevane			
Personalet samarbeider om det pedagogiske tilbodet			
Personalet opplever at arbeidsgjevar legg til rette for at dei skal kunne utvikle kompetansen sin			
Personalet er fagleg oppdatert			
Personalet har felles forståing av rammer for god gruppeleiing			
Leiinga er aktive utviklingsaktørar			
Leiinga nyttar kollektive strategiar i arbeidet med kompetanse og utvikling			
Leiinga ser alle medarbeidarar og barn, og støttar dei i arbeid og utvikling			
Leiinga er aktiv i dialogen med samarbeidspartar og etterspør kompetanse, støtte og rettleiing			
Kommunen er aktiv i kvalitetsdialogen med einingane			
Kommunen legg til rette for einingane sitt utviklingsarbeid			
Kommunen legg til rette for samarbeid lokalt, kommunalt og regionalt			
Kommunen gjev tilbakemeldingar på einingane sitt utviklingsarbeid			
Krysskulturelt arbeid			
Barna får barnehageplass			
Barna møter eit godt tilpassa språkstimuleringsopplegg			
Barna opplever at dei får vist sine sterke sider			
Barna får venner og leikekamerater			
Føresette får god informasjon om lokalsamfunnet dei kjem til			
Føresette vert møtt av positive haldningar			
Føresette får kontaktpersonar			
Føresette har møteplassar			
Personalet nyttar tolk i dei første møta med dei som gjer landebyte			
Personalet legg særleg vekt på å gje informasjon og sikre at informasjonen vert oppfatta rett			
Personalet har kunnskap om utfordringane i det krysskulturelle arbeidet			
Personalet har kunnskap om utfordringane i det krysskulturelle			

arbeidet			
Personalet diskuterer haldningar og utfordringar i personalgruppa			
Leiinga legg opp til gode besøksrutinar i barnehagen der tilflyttarar får vere saman med barnet sitt			
Leiinga syter for at tilflyttarar frå andre land har ein fast kontaktperson i barnehage og skule			
Leiinga tar opp haldningar og utfordringar i dette arbeidet som felles refleksjonstema i kollegia			
Leiinga har ressursar for nødvendig tilrettelegging			
Kommunen arbeider tverrfagleg med tilrettelegging			
Kommunen har gode introduksjonsopplegg og tolketeneste			
Kommunen samarbeider med lag, organisasjonar og lokalt næringsliv			
Kommunen arbeider systematisk med tverrkulturell forståing			
Grunnleggjande dugleikar			
Barna opplever at dei meistrar lesing, skrivning og munnelge bruk av språket			
Barna har god tilgang på oppdatert ikt-utstyr			
Barna opplever seg sjølv som aktive ikt-brukar med gode haldningar for trygg bruk av Internett			
Barna effektivt kan gjere seg nytte av grunnleggande reknedugleikar			
Føresette opplever at personalet i barnehage og skule er opptekne av å utvikle eigen praksis			
Føresette kan medverke til at barna vert gode språkbrukarar og blir stimulerte til å lese			
Føresette meiner at borna deira får eit oppdatert pedagogisk tilbod			
Føresette får hjelp til å leggje til rette for barna si utvikling			
Personalet ser at dei har eit felles ansvar for dei grunnleggande dugleikane			
Personalet er opptekne av dei kollektive prosessane som må til for å utvikle barnehagen og skulen sitt arbeid på området			
Personalet brukar fagleg tilrådde metodar			
Personalet har opplegg tilpassa ulike føresetnader			
Leiinga legg til rette for utviklings- og læreplanarbeid			
Leiinga analyserer eininga sine resultat over tid og set i verk nødvendige tiltak			
Leiinga nyttar nettverksarbeid som strategi i utviklingsarbeidet			
Leiinga er oppteken av å bruke teknologi til å utvikle den pedagogiske praksisen ved eininga			
Kommunen prioriterer denne kompetansen i planane sine			
Kommunen syter for at einingane har oppdatert ikt-utstyr tilpassa ulike alderssteg			
Kommunen får i gang lærande nettverk, både kommunale og interkommunale			
Kommunen analyserer resultata og set i verk tiltak			